

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.11.2014**

**Siri Klokke** viste til RS 178/14 Fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland og etterspurde informasjon om det siste som har skjedd i Rogaland om temaet. Fylkesdirektør opplæring opplyste at innstillinga til opplæringsutvalet i Rogaland fylkeskommune (sak 57/14) vart samrøystes vedteken. Saka skal til vidare politisk behandling i Rogaland fylkeskommune. I Hordaland fylkeskommune vil det kome sak om fritt skuleval i opplærings- og helseutvalet 2. desember, med vidare politisk behandling.

**Torill Selsvold Nyborg** viste til RS 201/14 om Kartlegging av verksemder som søker driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune. Ho bad om tilleggsinformasjon knytt til geografi, dvs. kvar i Hordaland verksemdene høyrer heime. Fylkesordføraren svarte at det vil kome svar i seinare møte.